



OVERORDNA GREP I UTVIDING AV LANGEVÅG GRAVPLASS

Namna minnelund

I skisseprosjektet er det foreslått å etablere ein namna minnelund rett sør for Langevåg kyrkje. Arealen består i dag av bla. store vintergrøne tre og ein fin grasbakke. Ved å ta vekk dei høge grantrea vil ein etablere ein viktig visuell kontakt mellom kyrkja og gravplassen.

Det er to minnesmonument i området i dag, og den namna minnelunden kan vere med å etablere eit samlande grep for dette arealet. Det er sentralt og tilgjengeleg for alle, og kan fungere som ein møteplass og ein stad for kontemplasjon.

Det er foreslått minnesmonument for urnegraver (med plass til 576 urner) og eit minnesmonument for anonyme graver. I vidare arbeid må ein sjå nærmare på høgder og fallforhold i samanheng med jorddybde.

Sjå landskapsplan L 10-03

Utviding vest- kistegraver

Området i vest er utvida og tilrettelagt med gravfelt for doble graver, samt eit gravfelt for gravlegging etter muslimsk gravskikk. Utvidinga i vest gir ein kapasitet på omlag 1266 kistegraver.

Det er lagt inn ein møteplass i denne delen av gravplassen med benkar, vasspost og avfallsstasjon. Det er medtatt lysmaster langs sti og ein port i vest. Gravplassen er avgrensa med gjerde og vegetasjon.

Det kan etablerast midlertidige parkeringsplassar i vest. Når/dersom regulert veg vert bygd ut, kan ein sjå på ei tilpassa løysing.

Sjå landskapsplan L10-02

Urnelund

Arealen sør på gravplassen kan tilretteleggast med urnegraver. Området kan gjerast tilgjengeleg ved å rydde opp i området som framstår litt uryddig, og etablere ein gangforbindelse som synt på skissa.

For å avgrense urnelunden foreslås å bruke hekkar og ev tosidige lave natursteinsmurar. Dette er også med på å knyte saman minnelund og urnelund på ein visuell måte.

Det er skissert opp 264 urnegraver i skissa. Antal må vurderast nærmare i detaljfasen.

Driftsområde

Ved etablering av østvest gåande gangforbindelse mellom ny og gammel gravplass, vil det vere naturleg å flytte adkomst til driftsområde lenger sørvest for å få ein naturleg samanheng på tvers av Øvre Råsa.

I område knytta til driftsbygningane er det sett av eit område for deponering av masser med tilkomst mellom ny og gammel driftsbygning. Det er foreslått fire båsar, og plass til oppbevaring av gamle gravstøtter. Mellomlagring av masser her er med på å frigi arealer inne på gravplassen som kan utnyttast betre.

Område kan skjermast mot gravplass og nabo ved bruk av vegetasjon.

Sjå landskapsplan L10-03

J02	2025-03-20	For bruk	InYri	ThoAls	InYri
D01	2024-12-06	Grunnlagsteikning for kostnads kalkyle	InYri	ThoAls	InYri
Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nederfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Sula sokn	Målestokk (gjelder A1)
	1:1000

Langevåg kyrkjegard

Skisseprosjekt - utviding av kyrkjegarden
Disposisjonsplan

Norconsult	Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon
	52407047	L-10-01	J02